



Nordhordland Revisjon
Ragnhild Kartveit Høyland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/407 - 16/3805

Saksbehandlar:
Sveinung Kvamme
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:
15.03.2016

Interimsrevisjon november 2015

Vi viser til rapport av 6. november 2015, og har følgjande merknader:

Rutiner NAV og barnevern

Vi har teke opp med NAV at skriftleg delegasjon skal liggja føre, og har no fått skriftleg melding om delegasjon. Når det gjeld barnevernet, er det no konstituert leiar fram til ny barnevernleiar vert tilsett 23.05.2016. I samband med tilsetjing av ny leiar, vil vi gå gjennom delegasjonsrutinane og sikra at reglementet vert følgt.

Sosiale utbetalingar.

Rutinane for bokføring er no endra, slik at alle posteringar skal vera anonymiserte.

Kontantkassar og kontoar

For bankkonti ved Radøy kommunale busenter skal det no vera dialog med revisjonen iht rekneskapsplikt for dei aktuelle kontoane. Vi legg til grunn at dette vert avklåra innan kort tid.

Usikre forpliktingar

Det var på eit tidspunkt varsla erstatningssøksmål i ei anbodssak. Så langt vi kjenner til det, vert det ikkje noko av det varsla søksmålet.

Fakturagrunnlag ACOS

Rutinane innan plan og byggesak skal no vera endra, slik at elektronisk kopi av vedtaket følgjer fakturaen som eit internt vedlegg. Tilsvarande søker vi å gjera for alle faktura som vert generert som følge av eOrdre. På Radøy matsørvis, Radøy arbeidssenter og sørvistorget held ein likevel fram med å ta vare på ordregrunnlag på papir.

Med helsing

Sveinung Kvamme
Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:
Nordhordland Revisjon